

Særavtale ØHD ved Odda sjukehus til signering

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- OLE JØRGEN JONDAHL (31016938516), signert 25.03.2022 med ID-Porten: BankID Mobil
- OLAV GODTFRED KLAUSEN (10026031589), signert 25.03.2022 med ID-Porten: BankID Mobil



Det signerte dokumentet innholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

SÆRAVTALE TIL TENESTEAVTALE 4 MELLOM ULLENSVANG KOMMUNE OG HELSE FONNA HF

**Avtale om kommunen sitt tilbud om øyeblikkeleg hjelp-
døgntilbud (ØHD-tilbud)**

Dokumentet er signert digitalt av:

- OLE JØRGEN JONDAHL (31016938516), 25.03.2022
- OLAV GODTFRED KLAUSEN (10026031589), 25.03.2022

Forseglet av



Posten Norge

Innhold

1. Partar	4
2. Bakgrunn	4
3. Formål	4
4. Innhold i tenesta	4
4.1 Tal på plassar	4
4.3 Kompetansekrav	5
5. Kommunen sitt ansvar	6
6. Måloppnåing	6
7. Kommunikasjon og informasjon	6
8. Helse Fonna sitt ansvar	6
9. Ambulanse og transport	7
10. Økonomi	7
11. Avvik	7
12. Iverksetjing	7

Dokumentet er signert digitalt av:

- OLE JØRGEN JONDAHL (31016938516), 25.03.2022
- OLAV GODTFRED KLAUSEN (10026031589), 25.03.2022

Forseglet av



Posten Norge

1. Partar

Denne særavtalen er inngått mellom Ullensvang kommune og Helse Fonna HF, heretter helseføretaket.

2. Bakgrunn

Heimel for denne særavtalen er lov av 24.06 2011 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 6-2 punkt 4, jf. § 3-5 tredje ledd.

Avtalen er inngått i samsvar med tenesteavtale nr.4, samarbeidsavtale om kommunen ØHD-døgntilbud mellom den enkelte kommune og helseføretaket.

Avtalen skildrar Ullensvang kommune sitt ØHD-tilbudet, samt spesialisthelsetenesta sitt ansvar for kompetanseoverføring og rettleiing.

Særavtalen skal gje ei nærare skildring av tenestetilbudet jf. punkt 6 i tenestavtalen. Det er opp til kommunen korleis tilbudet skal organiserast.

Tenesteavtale nr. 4 skal gjelda for ØHD-tilbudet med dei presiseringar som følger av denne særavtalen. Dersom det oppstår motstrid mellom særavtalen og tenesteavtalen har tenestavtalen forrang.

3. Formål

Formålet med avtalen er å beskrive kommunen sitt ØHD-tilbud med hjelp til pasientar med somatisk sjukdom og/eller psykisk helse- og rusproblem etter BEON-prinsippet ved:

- Å ha tilbud som skal gje pasientar verdige og fagleg forsvarlege tenester i staden for opphald i spesialisthelsetenesta
- Å redusere behovet for døgnopphald i spesialisthelsetenesta
- Å redusere behovet for øyeblikkeleg hjelp-innleggingar i sjukehus
- Å skapa kostnadseffektive løysingar som kan gje pasienten eit like godt eller betre tilbud i kommunen si helse- og omsorgsteneste som i spesialisthelsetenesta

4. Innhald i tenesta

4.1 Tal på plassar

I samsvar med berekningsgrunnlaget frå Helsedirektoratet sin rettleiar har kommunen 2 sengeplassar til ØHD-tilbud.

4.2 Aktuelle pasientar

Pasientar som har følgjande helseproblem kan vera aktuelle for innlegging i tilbudet:

- Akutt forverring av kjent tilstand, der utløysande årsak er avklart. Døme på dette er KOLS, ernæringssvikt, hjertesvikt, smerter, kreft.
- Akutt sjukdom med avklart diagnose som krev observasjon og behandling, men ikkje i spesialisthelsetenesta. Døme på dette er infeksjon, dehydrering, urinretensjon, obstipasjon og dårleg kontrollert diabetes. (gjeld ikkje gravide med slike helseproblem).
- «I staden for tilbud» for pasientgrupper med planlagt behandling der det kan oppstå eit øyeblikkeleg hjelp behov (til dømes medikamentjustering hos pasientar med kjent kronisk smerteproblematikk).
- Pasientar med lettare og moderate psykiske helseproblem og/eller rusmiddelproblem, ofte i kombinasjon med somatisk sjukdom/plager.
- Pasientar med avklart tilstand og/ eller diagnose som får tilbakefall/forverring av (kjent) psykisk lidning og /eller rusmiddelproblem, ofte med akutt funksjonsnedsetting

Dokumentet er signert digitalt av:

- OLE JØRGEN JONDAHL (31016938516), 25.03.2022
- OLAV GODTFRED KLAUSEN (10026031589), 25.03.2022

Forseglet av



Posten Norge

på ulike livsområde, og der innlegging er naudsynt for å roe/ avhjelpe ein vanskeleg livssituasjon.

- Akutt rusbruk eller rusmiddelforgiftning skal utelukkast som årsak til akutt funksjonstap.
- Pasientar som har behov for observasjon og oppfølging med omsorg, struktur og støtte.

Pasienten skal kunne undersøkast og behandlast med allmennmedisinske metodar, og pasienten sin tilstand må tilseie at det er liten risiko for akutt livstruande forverring. Det er utarbeidd standardar for pasientforløp som blir gjort kjent for fastlegar, sjukeheimslegar, legevaktslegar og sjukehuslegar.

4.3 Kompetansekrav

Kommunen har ansvar for å sikre at alt personell som skal arbeide i tilbodet, har nødvendig kompetanse for å sikre forsvarleg drift. Det skal være sjukepleiar tilgjengeleg 24 timar i døgnet.

Sjukepleiarane skal ha oppdatert kompetanse og kunnskap i forhold til pasientgruppa som ØHD-tilbodet gjeld for. Dei skal kunne handtere diverse medisinsk teknisk utstyr, døme på dette er EKG, Hb, SR, blodglukose, CRP, generelle venøse blodprøvar og urinstix. Vidare må sjukepleiarane kunne administrere og handtere intravenøs væskebehandling, CVK, veneport, stomi, dren, sonder, oksygenbehandling, aspirasjon av luftvegar, legge inn urinkateter, m.m. Personalet må ha nødvendig prosedyrekunnskap (til dømes i hjarte/lungeredning).

Ullensvang kommune er ansvarleg for at ØHD-tilbodet har forsvarleg legedekning heile døgnet. Det skal være legetilsyn alle kvardagar på dagtid. Legevaktslege har medisinsk ansvar på kveld, natt helg og høgtid. ØHD-tilbodet skal ha tilgjengeleg lege i tråd med rettleiar og etter intensjonen i Helse- og omsorgstjenesteloven.

Helseføretaket skal bidra med naudsynt rettleiing og overføring av kompetanse, jf. punkt 8.0 i denne avtalen.

4.4 Innlegging pasient i ØHD-tilbod

Fastlege, legevaktslege og tilsynslege kan legge inn pasientar i kommunen sitt ØHD-tilbod. Pasienten skal kunne undersøkast og behandlast med allmennmedisinske metodar, og pasienten sin tilstand skal ha liten risiko for akutt livstruande forverring. Det skal utarbeidast klare kriterier for innlegging som fastlege, legevaktslege og tilsynslege er kjende med og trygge på.

Helseføretaket har laga intern rutine for «snuing» av pasientar i akuttinntak, jfr. tenesteavtale 4 og særavtalen. Dette vil gjelde pasientar som er diagnostisk avklart og pasientar som er vurdert til ikkje å trenge innlegging i sjukehus. Vidare vert det også stilt krav til at sjukehuslege har dialog med innleggande lege eller med lege i det kommunale tilbodet, før pasienten blir vist vidare til kommunalt ØHD. *«I tilfelle der lege i sjukehus vurderer at pasienten kan nyttiggjere seg eit kommunalt tilbod i staden for sjukehusinnlegging, kan overlege eller erfaren LIS lege drøfte eventuell bruk av kommunalt tilbod med henvisande lege, sekundært med ansvarleg lege ved ØHD-eininga mellom kl. 08.00 og kl. 22.00».* (frå rutine jan.2020)

Ved innlegging av pasient skal innleggande lege skrive innleggingsbrev som skal innehalde alle nødvendige opplysningar på same måte som ved innlegging i sjukehus. Innleggande lege har i tillegg ansvar for ein skriftleg plan på observasjon og behandling dei første 16 timane etter innlegging. Behandlingsplan og registreringsskjema skal skannast inn i

Dokumentet er signert digitalt av:

- OLE JØRGEN JONDAHL (31016938516), 25.03.2022
- OLAV GODTFRED KLAUSEN (10026031589), 25.03.2022

Forseglet av



Posten Norge

kommunen sitt journalsystem saman med journalnotat for opphaldet/innlegginga i samsvar med gjeldande rutine.

Dersom det manglar nødvendige opplysningar må det sikrast ordningar som tek vare på at dette blir innhenta.

Rettleiande liggetid i kommunalt ØHD-tilbod er 3 døgn (72 timer). Det betyr at liggetida kan vera lengre enn 3 døgn om pasienten sine behov tilseier det.

4.5 Utskriving av pasientar

Lege skal vurdere observasjon- og behandlingsforløpet og ut frå det avgjere om pasienten kan skrivast ut til heimen, til anna tilbod i kommunehelsetenesta eller til innlegging i sjukehus.

Når pasienten blir skriven ut frå ØHD- tilbodet i kommunen, må det sendast epikrise til fastlegen med kopi til innleggande lege. Epikrisen skal innehalda opplysningar om behandling, medikamentendringar og råd om eventuell vidare nødvendig oppfølging.

5. Kommunen sitt ansvar

Ullensvang kommune skal ha eit fagleg forsvarleg ØHD-tilbod for personar som oppheld seg i kommunen.

Helsehjelpa skal dokumenterast i kommunen sitt journalsystem. Kommunen må sikre at sykepleiarar som arbeider i tilbodet får opplæring i kommunen sitt journalsystem.

Kommunen har ansvar for å ha på plass avtale med Helse Fonna om kjøp av helsetenester frå føretaket; sjukepleiar, senger og alt utstyr som trengs for å behandle pasientar i det kommunale ØHD tilbodet.

Kommunen skal bidra til at tilsette får nødvendig opplæring.

6. Måloppnåing

For å sikre måloppnåing skal det utførast fortløpande registreringar av alle innleggingar. Alle pasientar blir registrert med alder, kjønn, årsak til innlegging/diagnose, innleggande lege, tal på liggedøgn, innlagt frå og utskriven til og tidspunkt for innlegging.

Månadleg statistikk som blir utarbeida dannar grunnlaget for årsrapport. Kommunen har ansvar for å sende årsrapport til Helsedirektoratet etter mottatt skjema.

Partane skal evaluere tilbodet og kontrollere at det er i tråd med sentrale føringar og særavtalen. Ei viktig måling og grunnlag for evaluering av tilbodet er brukarundersøking. Kommunen skal gjennomføre brukarundersøking av tilbodet i samarbeid med FOUSAM og i tråd med felles system for dette som er godkjent av samhandlingsutvalet.

7. Kommunikasjon og informasjon

Ullensvang kommune er ansvarleg for at deira innbyggjarar er kjent med tilbodet via kommunens nettsider. Alle legar som legg inn i ØHD-tilbod skal vera kjent med kriteria for innlegging og rutinar kring utskriving.

8. Helse Fonna sitt ansvar

Helse Fonna har i tråd med rettleiar og tenesteavtale 4, plikt til å bidra med opplæring, råd og rettleiing ved drift av kommunalt ØHD-tilbod. Begge partar skal søke mot felles forståing

Dokumentet er signert digitalt av:

- OLE JØRGEN JONDAHL (31016938516), 25.03.2022
- OLAV GODTFRED KLAUSEN (10026031589), 25.03.2022

Forseglet av



Posten Norge

av drift, målgruppe, kva kompetanse som trengs og kva begge parter har ansvar for. Dette for å sikra gode og effektive tenester for innbyggjarane i kommunen.

Både lege og sjukepleiar i tilbodet kan ta kontakt med sjukehuset for råd og rettleiing. Lege i kommunen kontaktar vakthavande lege i sjukehuset og sjukepleiar tar kontakt med nødvendig personell ved aktuell sjukehuseining. Helseføretaket skal sørge for at eigne tilsette blir gjort kjende med ØHD-tilbodet.

Helse Fonna skal ta initiativ til, og samarbeida med Ullensvang kommune om felles relevante fagdagar og seminar.

Kommunen sitt ØHD-tilbod skal ha tilgang til laboratoriediagnostikk og radiologi på ordinært allmennmedisinsk nivå. Blodprøvar som blir mottekne på sjukehuslaboratoriet og radiologiske undersøkingar skal prioriterast på same måte som for øyeblikkeleg hjelp pasientar innlagde i sjukehus.

9. Ambulanse og transport

Føretaket skal varslast dersom kommunen planlegg endra lokalisering av kommunalt ØHD døgntilbod, då dette kan føre til endra behov for pasienttransport og konsekvensar for organisering av ambulansetenesta.

Ein viser til tenesteavtale 11 og 12: «samarbeid om foreina beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda.

10. Økonomi

Finansiering av tenestetilbodet blir dekkja gjennom statleg rammetilskot til kommunen.

11. Avvik

Avvik skal handterast i verksemdene sine avvikssystem. Dersom avviket dreier seg om brot på særavtalen, skal det formidlast til den andre parten. Partane skal gje kvarandre tilbakemelding om korleis avviket er handsama, jf. Overordna samarbeidsavtale.

12. Iverksetjing

Særavtalen gjeld frå dato for signering og erstattar tidlegare utgåver av særavtale til Tenesteavtale nr. 4

13. Signering

Denne avtalen skal signerast elektronisk av administrerande direktør i Helse Fonna HF og rådmannen i Ullensvang kommune.

Dokumentet er signert digitalt av:

- OLE JØRGEN JONDAHL (31016938516), 25.03.2022
- OLAV GODTFRED KLAUSEN (10026031589), 25.03.2022

Forseglet av



Posten Norge

